



Kulturdepartementet, kyrkjeavdelinga
Pb 8004 Dep
0030 OSLO

Deres ref.:

Vår ref.:
14/00093-010 -002

Vår saksbehandlar:
Åslaug Styve Mjånes

Voss, den
31.10.2014

HØYRINGSNOTAT «STATEN OG DNK - ET TYDELIG SKILLE»

UTTALE FRÅ VOSS KYRKJELEGE FELLESTRÅD.

Voss kyrkjelege fellestråd vedtok fylgjande uttale i møte 30.10.14.

Generelt

Voss kyrkjelege fellestråd er glade for at prosessen skrir vidare, og ynskjer å gje uttrykk for at det er viktig at den ikkje stoppar opp. Som generell merknad vil me understreke at det i punkt 3 i Kyrkjemøtet sitt vedtak frå 2013 står at ordningar som vert oppretta i del 1 av prosessen ikkje endeleg fastset korleis strukturen og arbeidsgjevaransvaret for kyrkjelege tilsette skal plasserast, og at ein fastheld målsetjinga om eit felles arbeidsgjevaransvar for alle kyrkjelige tilsette. Det er difor viktig at dei vedtak som vert gjort no ikkje sementerer dagens todeling av arbeidsgjevaransvaret, men legg til rette for å samle dette. Det er også avgjerande at ein i det overordna perspektivet held fokus på ei lokal, landsdekkande folkekyrkje.

Voss kyrkjelege fellestråd vil ikkje gå inn i alle delar av høyringsframlegget, men trekkje fram nokon som ein finn særleg viktige.

Det nasjonale rettsobjektet

Voss kyrkjelege fellestråd ynskjer å stille spørsmål ved namngjevinga på det nye rettsobjektet. Departementet har sjølv kommentert at det i framlegget til ny §2 er to tydingar av «Den norske kyrkja». Både omtalen av heilskapen, samt det nye rettsobjektet. Dette vil kunne verke uklårt, og ein bør vurdere om det i staden er Kyrkjemøtet som skal vere nemninga på det nye rettsobjektet, som saman med alle sokna utgjer heilskapen Den norske kyrkja.

Soknet

Me er glade for at ein fastheld soknet som grunnleggjande eining i kyrkja. Dette er svært viktig for vidareføring av ei landsdekkande folkekyrkje. I overføringa av oppgåver frå staten til kyrkja er det likevel grunn til å stille spørsmål om det reelt sett vil føregå ei forskyving av makt, dersom ein ikkje ser med nytt blick på oppgåvefordelinga mellom sentralt, regionalt og lokalt nivå. Me viser til Kyrkjemøtet sitt overordna signal om ei vidare styrking av sokna, og meiner det dessutan vil vere i tråd med samfunnsutviklinga elles å overføre ansvar frå sentralt til lokalt hald (t.d. vert stadig fleire oppgåver overført frå staten til kommunane).

I høyringsnotatet er det nedlagd ei delegasjonssperre som hindrar Kyrkjemøtet og bispedømet i å delegere oppgåver til soknet, medan det motsette er mogleg. Intensjonen med framlegget er at ein ikkje skal svekke soknet sitt sjølvstende. Dette vil likevel ha ein, etter vårt syn, uheldig konsekvens, ved at det ikkje er mogleg å gjennomføre forsøksordningar for felles arbeidsgjevaransvar med lokal forankring. Det er viktig at

ordningane ein vedtek no ikkje vert til hinder for ei utvikling der soknet sine organ får større og viktigare oppgåver. Her er det også grunn til å minne om refleksjonsprosessen i 2012, der berre 1,6% av instansane ynskte ei sentral plassering av arbeidsgjevaransvar. Tilsvarende ynskte 87% av fellestråda i KA si undersøking eit felles arbeidsgjevaransvar på fellestråds/prostinivå. I denne fyrste fasen er det naturleg at dette ikkje er mykje omtala, men sidan dette er så tydeleg uttrykt i tidlegare vedtak og høyringar, bør ein leggje til rette for nødvendige prøveordningar der dette er mogleg.

Prestetenesta

I høyringsnotatet vert det føreslege ein lovfesta rett til presteneste i kvart sokn. Dette er me einige i. Det vil likevel vere ynskjeleg at soknet ikkje vert ein passiv mottakar av tenesta, men har rett og plikt til medverknad i tilsetjing mv, utan at dette skal bryte med presten si uavhengige rolle i utføring av sitt arbeid. Me merkar oss også at det ikkje er nemnt noko om presten sitt samarbeid med andre i Den norske kyrkja.

Det er elles eit naturleg og viktig fokus på å ivareta prestar og andre tilsette i prosessen med overdraging frå stat til kyrkje, og me vonar dette vil vere med å gjere overgangen god for dei berørte.

Klageorgan

I høyringsnotatet ligg det framlegg om eit eige klageorgan som mellom anna skal ta seg av disiplinærvetdakt for tilsette som no vert overført frå staten til Den norske kyrkja, og som vil vere «rett saksøkt» dersom slike saker kjem for domsstolane. Me stiller oss undrande til behovet for og effekten av ei slik klagenemnd. Framleis med tanke på ei samordning synest det unødvendig og uheldig å ha ulike system for ulike tilsette. Alle tilsette vil ha behov for ivaretaking av rettstryggleik, anten dei er tilsette lokalt eller nasjonalt, i kyrkje, kommune, stat eller privat sektor. I desse samanhengane er ansvarleg arbeidsgjevar også rett saksøkt, og dette bør også vere tilfellet i Den norske kyrkja.

Når det gjeld forvaltningssaker m.v. kan ein sjå for seg behov for ei klagenemnd, t.d. slik fylkesmannen har ovanfor kommunane.

Økonomi

Me er glade for at høyringsnotatet vektlegg kommunane sitt vidare ansvar for finansiering til lokalkyrkja. Dette er også viktig å vektlegge med tanke på den venta kommunereforma.

Likeleis skal staten ha eit framleis finansieringsansvar for den delen av kyrkja som pr idag er statleg, men då gjennom ei rammeoverføring til Kyrkjemøtet. Med tanke på fokuset som har vore på trusopplæringsreforma synest det underleg at denne ikkje er særskild nemnt i samband med finansiering. Rammeoverføringa skal altså dekke både løn til prestar og regionale/sentrale organ, og me er urolege for at lønsvekst på relativt kort tid vil gå på bekostning av tilskot til t.d. trusopplæring. Dette bør ein vurdere på nytt.

Eit anna element me finn det verd å gje ein kort kommentar er økonomiregelverk og rekneskapsprinsipp. Med blick på ynskje om samordning av den norske kyrkja vil det vere ei føremon om dei ulike organ og nivå i kyrkja nyttar same system. Kva prinsipp ein må legge til grunn for å få dette til må ein gjerne gjere ei grundigare vurdering på.

I samanheng med økonomispørsmåla vil me også nemne Opplysningsvesenets fond. Dette bør definitivt fylgja med over til kyrkja når denne vert eige rettssubjekt, noko anna ville vera heilt uakseptabelt.

For Voss kyrkjelege fellestråd

Åslaug Styve Mjånes
Ass. kyrkjeverje